



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2023



Innhald

Samandrag	3
1 Innleiing	4
2 Utfordringsbilde og rammeverk.....	7
2.1 Utfordringsbilde	7
2.2 Rammeverk	11
3 Definisjonar	14
4 Driftsrekneskap	16
5 Netto driftsresultat	21
6 Disposisjonsfond	25
7 Kommunane si gjeld.....	27
7.1 Netto lånegjeld	28
7.2 Renteeksponert gjeld.....	30
7.3 Norges Bank - styringsrente.....	33
7.4 Avdrag	34
8 Likvide midlar.....	35
9 Eigedomsskatt.....	36
10 Havbruksfondet	38
11 KOSTRA.....	39
12 Skjønnstilskot.....	43
13 ROBEK.....	47
13.1 Innmelding i ROBEK.....	48
13.2 Kriteria for registrering på ROBEK.....	49
13.3 Tiltaksplan	51
13.4 Kontroll med årsbudsjett og låneopptak	51
14 Nytt inntektssystem.....	52
15 Klimabudsjett – klimarekneskap	57
16 Eigarstyring - eigarskapsmelding	58
Kjelder	60
Tabellar	61
Figurar	61

Samandrag

KOSTRA-tala for Møre og Romsdal viser ei betydeleg forverring i kommunane si økonomiske stilling, og er dei svakaste vi ser så langt tilbake som statistikken går (2015). Også nasjonalt er resultata svakare enn føregåande år. Samla sett er likevel kommuneøkonomien i Norge framleis god, sjølv om spennet er stort og aukande mellom kommunane både når det gjeld føresetnader og økonomisk resultat. I vårt fylke er lånegjelda høgare, disposisjonsfonda mindre og netto driftsresultat lågare enn landssnittet. Dette gjer at kommunane vert meir sårbare for hendingar som auka lånerente og prisvekst. Samtidig står vi føre store utfordringar knytt til mellom anna demografi, klimaendringar, mangel på kompetanse og arbeidskraft som vil krevje tydelege prioriteringar dei komande åra.

Kommunalt sjølvstyre

Det overordna prinsippet om kommunalt sjølvstyre er uttrykt i grunnlova og ny kommunelov. Kommunane skal gi likeverdige tenester til sine innbyggjarar, sjølv om det er store forskjellar i kommunane sine føresetnader og økonomi. Det er kommunestyret som prioriterer på vegne av kommunens innbyggjarar. Kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett gir føringar for korleis kommunedirektøren skal gjennomføre det kommunestyret har bestemt. Å få planverk og økonomi til å henge saman kan vere krevjande men er likevel viktig.

Kommuneøkonomien i 2023

Vekst i økonomien bidrog til at skatteinngangen for kommunesektoren vart større enn føreset. For landet (utan Oslo) vart gjennomsnittleg netto driftsresultat 1,0 prosent, ein nedgang frå fjoråret (2,7 prosent). Fjorten av kommunane i Møre og Romsdal hadde negativt netto driftsresultat i 2023. Ytterlegare seks hadde netto driftsresultat på mellom 0–1,75 prosent. Pr. 30.6.24 er ein kommune i Møre og Romsdal på ROBEK.

I 2023 hadde kommunesektoren (landet utan Oslo) eit disposisjonsfond på 13,6 prosent av driftsinntektene, ein reduksjon frå førre år. I Møre og Romsdal er tilsvarande tal 9,3 prosent, men med eit spenn frå 0 til 153,7 prosent. Gjeldsnivået i Møre og Romsdal har gått svakt ned frå førre år til 110,7 prosent av brutto driftsinntekter (landet utan Oslo: 93 prosent). Når ein ser netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad saman, ser vi at fleirtalet av kommunane i fylket må ta grep for å sikre ei berekraftig økonomiforvalting på lang sikt.

1. Innleiing

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir kvart år ut denne rapporten som viser hovudtrekk i kommuneøkonomien i fylket. Rapporten er aktuell for politikarar, leiarar og tilsette i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå og andre som har interesse for kommuneøkonomi.

Statistikk er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennom kommunanes eigen rapportering av KOSTRA-tal (Kommune-Stat-Rapportering). Medio juni kvart år publiserer SSB endelege rekneskapstal frå kommunane for året før.

Gjennom KOSTRA-tala kan vi samanlikne informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde. Dette gir relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, samt gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål vert nådd. Informasjonen skal også bidra til å gjere det mogleg å forbetre tenestene i kommunesektoren. KOSTRA-tala gir eit grunnlag for å vurdere prioriteringar, dekningsgrad og produktivitet mellom kommunar og over tid. Ulik prioritering, kvalitet på tenestene, struktur og behov i befolkninga er faktorar som vil påverke nøkkeltala.

Figurar og tabellar er basert på tal frå SSB dersom ikkje anna kjelde er opplyst. Rekneskapstal som blir nytta er hovudsakleg konserntal. Det vil seie rekneskapstal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. Ved å bruke konserntal, eliminerer vi storparten av forskjellane i tala som skuldast ulik organisering av kommunal tenesteproduksjon. For ei meir inngåande oversikt over økonomien i den einskilde kommune, viser vi til kommunens eigen rekneskap/årsmelding og statistikk frå SSB.

Kommunane sitt samfunnsoppdrag kan samanfattast i fire roller:


- Myndigheitsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Lokaldemokratisk aktør
- Tenesteleverandør

Samfunnsoppdraget bør verte gjennomført i tråd med gode planer. Den økonomiske ramma må fordelast på ein slik måte at tenestene til innbyggjarane blir gitt i samsvar med dei lovkrava som gjeld.

I [forventningsbrevet 2024](#) formidlar Statsforvaltaren statens forventingar til kommunane i år. FNs berekraftsmål er framleis det politiske hovudsporet i arbeidet med vår tids største nasjonale og globale utfordringar. Oppdraget til kommunane blir å gi innhald til berekraftsmåla i eigen politikk gjennom god samfunns- og arealplanlegging. Kartlegginga av lokal berekraft gjennom prosjektet Berekraftsfylket Møre og Romsdal (KPI-kartlegginga) er til god hjelp for kommunane i dette arbeidet. Dei lokale KPI-rapportane inngår som eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet med mål, strategiar og tiltak i den kommunale planlegginga.

I denne rapporten vil vi skissere utfordringane som kommunane står i, orientere om sentrale reglar, minne om viktige oppgåver og dele sentrale økonomiske tal i utviklinga i kommuneøkonomien dei siste åra.

Rapporten er tilgjengeleg på [vår nettside](#).



Figur 1 - Illustrasjon av FNs tre berekraftsdimensjonar og berekraftsmål

2. Utfordringsbilde og rammeverk

Det er mange faktorar som påverkar kommunane sin kvardag. Krig i Europa og økonomiske konjunkturar verkar direkte inn i dei kommunale prioriteringane. Prisveksten har vore høg. Norges Bank har sett opp styringsrenta over fleire år som eit svar på dette. Forventinga er at renta vert betydeleg høgare enn det siste tiåret og at vi snarare ser ei utflating av styringsrenta enn ein klar topp. Inflasjonen er framleis høg, men noko lågare enn for 1-2 år sidan. Stortinget har vedteke nytt inntektssystem for kommunane. Dette får effekt frå 2025, med overgangsordningar av ulik varigheit.

Framleis har Norge få arbeidslause og det er mangel på arbeidskraft innanfor mange av områda kommunane etterspør. Det kan difor vere svært krevjande for ein del kommunar å få rekruttert rett kompetanse. Samtidig er arbeidsløysa klårt høgare blant dei med låg utdanning. Dette gjer at menneske vert ståande utanfor arbeidslivet, både med tanke på arbeidsinntekt og det fellesskapet ein arbeidsplass kan gi.

2.1 Utfordringsbilde

Folketalsutvikling og demografi


Som i tidlegare år ser vi i dei aller fleste kommunane at snittalderen aukar samtidig som talet på fødsjar går ned. Kommunane i Møre og Romsdal er i ferd med å omstille seg i takt med folketalutviklinga, men vi ser dels at den aldersmessige samansetjinga endrar seg raskare enn kommunane evnar å omstille seg. Arbeidet med å dreie bruken av kommunale midlar frå oppvekstsektoren til helse og omsorg må halde fram i minst like høg fart som til no.

Tabell 1 – Folketal per kommune i Møre og Romsdal og endring 2020-2025

Kommune	2020	2024	Endring
1505 Kristiansund	24 179	24 404	225
1506 Molde	31 967	32 816	849
1507 Ålesund	66 258	58 509	- 7 749
1511 Vanylven	3 117	3 026	- 91
1514 Sande	2 461	2 438	- 23
1515 Herøy	8 900	8 968	68
1516 Ulstein	8 571	8 861	290
1517 Hareid	5 175	5 322	147
1520 Ørsta	10 825	10 958	133
1525 Stranda	4 523	4 348	- 175
1528 Sykkylven	7 625	7 617	- 8
1531 Sula	9 310	9 720	410
1532 Giske	8 462	8 691	229
1535 Vestnes	6 532	7 147	615
1539 Rauma	7 468	7 299	- 169
1547 Aukra	3 509	3 678	169
1554 Averøy	5 788	5 955	167
1557 Gjemnes	2 629	2 700	71
1560 Tingvoll	3 025	3 041	16
1563 Sunndal	7 036	7 227	191
1566 Surnadal	5 920	5 953	33
1573 Smøla	2 150	2 159	9
1576 Aure	3 507	3 408	- 99
1577 Volda	10 473	11 093	620
1578 Fjord	2 549	2 492	- 57
1579 Hustadvika	13 279	13 437	158
1580 Haram	-	9 357	-
Møre og Romsdal	265 238	270 624	5 386

Aldersbereeve viser forholdet mellom den yrkesaktive befolkninga og den eldre delen av befolkninga. Aldersbereeve vert definert som tal på innbyggjarar i alderen 16-66 år samanlikna med 67 år og oppover. Allereie no ser vi at det er store skilnader mellom kommunane. Berre fire

kommunar i fylket har aldersbereevne over landssnittet. For kommunane med lågast aldersbereevne hastar det med omstilling for å møte dei demografiske endringane som kjem.



Figur 2 – Aldersbereevne per kommune i Møre og Romsdal ved inngangen til 2024 (kjeldetabell 07459)

Kommunane i Møre og Romsdal har til no i år busett totalt 740 flyktningar (tal per mai 2024), rundt 110 færre enn same tidspunkt førre år. I 2023 vart det busett 2 731 flyktningar i Møre og Romsdal, ein auke på 360 frå førre år. Også i år har Møre og Romsdal blitt beden om å busetje 2 990. Det var per mai vedtak om å busetje 2 745 flyktningar totalt i 2024.

Rekruttering av kvalifiserte medarbeidarar

Det har lenge vore ei utfordring å rekruttere kvalifiserte medarbeidarar i mange kommunar. Det er grunn til å tru at dette vil vere ei utfordring i lang tid framover og at det vil tvinge fram endringar i tenestene. Dette ser ein mellom anna innan pleie og omsorg, der det er utfordrande å få rekruttert både nok og rett kompetanse for svært mange av kommunane.

Fattigdom

Barnefattigdom.no er Budfir sin statistikkbank på temaet og har kommune- og fylkesvise oversikter. Nyaste tal viser at 3 995 barn i Møre og Romsdal lever i hushald med vedvarande

låginntekt. Dette utgjør 8,3 prosent av barna i fylket, ein liten nedgang frå tidlegare. Tala er frå 2022. Med auka rentenivå og prisvekst er det all grunn til å tru at dette talet er stigande.

Vedvarande låginntekt inneber at hushaldet har tent under 60 prosent av medianinntekt i Norge i løpet av dei siste tre åra. Tre års varigheit er sett for å filtrere vekk forbigåande låginntekt og fange opp dei med meir varige økonomiske utfordringar. Sjølv om ei treårsperiode med låginntekt ikkje nødvendigvis er lang tid for ein vaksen, vert tre år sett på som ein betydeleg del av eit barns oppvekst. Vedvarande låginntekt treng ikkje å bety opplevd fattigdom. Ofte gjer det likevel det. Fattigdom er assosiert med opplevde levekårsproblem. Fylkesrapporten for berekraftkartlegginga (2021) i fylket viste også at vi scorar dårleg på relativ fattigdom og lønnsforskjellar mellom kjønna.

Berekraft

FN sine berekraftsmål skal vere utgangspunktet for samfunnsutvikling og samfunnsstyring på alle nivå. Dette krev omstilling også i kommunal sektor. Vi går inn i ei tid med sterkt fokus på å redusere klimautslepp og der vi legg til rette for å takle klimaendringar og konsekvensane av desse. Kommunane er sentrale i dette arbeidet. I 2023 ga Statsforvaltaren midlar til fire berekraftkoordinatorar som skal arbeide for heile fylket vårt. Prosjektet er finansiert over to år. Berekraftkoordinatorane skal jobbe retta mot den enkelte kommune og også bidra til at kommunar finn saman for å løyse problemstillingar. Vi oppfordrar kommunane til å nytte koordinatorane aktivt.

Kommunesektoren er stadig i omstilling med utfordringar knytt til økonomi, kostnadsutvikling, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetting om å effektivisere drifta. Samtidig er det viktig å rigge seg for auka berekraft. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikle og modernisere kommunesektoren. Gjennom berekraftskoordinatorane ønskjer Statsforvaltaren å forsterke arbeidet med berekraft i kommunane, samt å stimulere til prosessar i og mellom kommunane for å utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta.

Auka samarbeid

Statsforvaltaren har finansiert ei kartlegging av interkommunale samarbeid.

Møre og Romsdal har 200 ulike interkommunale samarbeid. Rapporten anbefaler meir strukturerte samarbeid, noko som kan bidra til berekraftige velferdstenester og meir utviklingsdyktige kommunar. Dette vert følgt opp med prosjektskjønnsmidlar.

Sirkulærøkonomi

I ein sirkulærøkonomi nyttar vi naturressursar og produkt effektivt i eit kretsløp der minst mogleg ressursar går tapt. Dette inneber at ressursen skal brukast på nytt og på nytt med minst mogleg degradering. Kommunar bør som samfunnsutviklar, planmynde, eigar av bygg og eigedom, tenesteleverandør og innkjøpar legge til rette for å utvikle sirkulærøkonomiske tiltak lokalt. Sirkulærøkonomi er eitt av områda berekraftkoordinatorane femnar. Vi viser til [Anskaffelser.no](#), [Kriterieveiviseren](#) og [Innovative anskaffelser](#) for meir informasjon om temaet og praktisk bruk.

Omstilling


For å løyse utfordringane som samfunnet står overfor, må vi evne å omstille oss og gjere endringar så tidleg som råd. Pandemien viste at kommunane har denne evna. Det lovar godt for framtidige utfordringar anten det gjeld det grønne skiftet, mangel på kompetent arbeidskraft, strammare økonomiske rammer eller på heilt andre område.

2.2 Rammeverk

Kommunal planlegging

Kommuneplanens samfunnsdel er den viktigaste planen for politisk styring. Den gir eit godt grunnlag for prioritering i kommunen. Samfunnsdelen skal innehalde ein handlingsdel.


Kommunens økonomiplan kan inngå i handlingsdelen. Då sikrar ein at kommuneplanlegginga blir kopla til dei økonomiske rammene som kommunen har, og gjer dette synleg i den årlege budsjettprosessen. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark har laga eit [retteleingsnotat](#) om temaet der denne samanhengen blir illustrert som vist under.



Figur 3 - Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjul (Asplan Viak)

Ei rekke av dei samfunnsutfordringane vi står overfor, må løysast gjennom ei strategisk tilnærming i plan. Dette omfattar til dømes arbeidet med ei berekraftig arealforvalting, samfunnstryggleik og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgstenester og folkehelsearbeid.

Hausten 2023 var det lokalval. Dei nye kommunestyra skal vedta planstrategi seinast eitt år etter konstituering. Det inneber at arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel bør nærme seg ferdig. Statusen for kommuneplanens samfunnsdel for kommunane i Møre og Romsdal er synleggjort i kartet under. Ein oppdatert kommuneplan er ein føresetnad for god politisk styring av kommunen, og gir eit godt utgangspunkt for framtidsretta utvikling og styring. Difor er det gledeleg å sjå at det er mange av kommunane som reviderer.



Figur 4 - Kart over planstatus kommuneplanens samfunnsdel pr. juni 2024

Kommuneøkonomi

Mange kommunar fekk noko betre skatteinngang enn venta også i 2023. Motsett verka auka lånerente, prisvekst og knappheit på fagfolk til at ein stor del av kommunane i Møre og Romsdal fekk negativt netto driftsresultat eller netto driftsresultat under Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si anbefaling på minst 1,75 prosent. Rapporten frå Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (november 2023) tek for seg den nasjonale utviklinga i kommunal økonomi meir inngåande. Nytt inntektssystem for kommunane er vedtatt og vil trå i kraft frå budsjettåret 2025. Meir om inntektssystemet i kapittel 14.

På utgiftssida er det venta at generell høg prisvekst på varer og tenester vil påverke kommunebudsjettet i stor grad framover med prisvekst som framleis ligg over inflasjonsmålet. Eit høgare rentenivå vil også påverke kommuneøkonomien.

Investeringsnivået til kommunane har vore høgt dei siste åra. For første år sidan 2015 (så langt tilbake KOSTRA-statistikken går), har gjeldsgraden Møre og Romsdal blitt redusert frå førre år, til 110,7 prosent. Dette er likevel eit for høgt nivå til at ein oppnår god økonomisk handleevne. Med høgare rentenivå og rentebindingsavtalar som går ut og må reforhandlast, er det grunn til å tru at fleire kommunar vil få utfordringar med å dekke låneutgiftene sine over driftsbudsjettet.

3. Definisjonar

Her forklarar vi nokre typiske ord og uttrykk i kommunerekneskapen.

Brutto driftsinntekter (BDI) er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, havbruksfondet, eigedomsskatt, brukarbetalingar, andre sals- og leigeinntekter, overføringar med krav om motyting og andre overføringar er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.

Eksterne finansinntekter er renteinntekter, utbytte, eigaruttak og kursgevinstar på finansielle instrument.

Motpost avskrivningar. Avskrivningar inngår i brutto driftsresultat, men blir trekt frå gjennom motpost avskrivningar. Det er avdrag som har verknad på rekneskapen og netto driftsresultat.

Eksterne finansutgifter er renteutgifter, provisjonar, andre finansutgifter, kurstap på finansielle instrument og avdragsutgifter.

Netto driftsresultat (NDR) er driftsinntekter med frådrag av driftsutgifter, renter og avdrag. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene som går med til å betale renter og avdrag. NDR viser kor mykje kommunen sit att med til avsettingar til framtidig bruk, slik som gjennom disposisjonsfond og eigenkapitalkrav til investeringar. Ein kommune kan og ha eit betre NDR enn brutto driftsresultat om kommunen har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. NDR er den vitigaste enkeltstående indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommune.

Tabell 2 - Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat

Brutto driftsinntekter	●	→	Rammetilskott
- Brutto driftsutgifter	●	→	Skatteinntekter
- Avskrivningar			Brukarbetaling
			Eigedomsskatt
			Andre sals- og leigeinntekter
= Brutto driftsresultat			Andre overføringer
+ Eksterne finansinntekter			
- Eksterne finansutgifter			
- Avdrag på lån			
+ Motpost avskrivningar			
= Netto driftsresultat			

Alle driftsutgifter utan
renter og avdrag

Disposisjonsfond kan vere bundne og frie. Dei bundne disposisjonsfonda må nyttast til føremålet dei er knytt til. Den frie delen av disposisjonsfondet er midlar som kommunen kan disponere fritt til både drifts- og investeringsføremål. Når netto driftsresultat viser mindreforbruk kan kommunen bygge opp reserver i disposisjonsfondet.

Eigenkapitalkrav er at kommunen vedtek ein handlingsregel om at investeringar skal finansierast med ein del av disposisjonsfondet.

Netto lånegjeld er gjelda til kommunane som er renteeksponert, inneheld rentekompensasjon og sjølvkost.


Renteeksponert gjeld er gjeld frå bank, statlege låneinstitusjonar, kredittføretak, livsforsikringsselskap, og frå obligasjon og sertifikatmarknaden.

Sertifikatlån er eit kortsiktig lån med løpetid inntil 12 månader. Lånet er avgrensa til sertifikatets lengde, og er omsetteleg. Ved utløp må lånet fornyast eller refinansierast. Varigheit på 3, 6, 9 eller 12 månader.

4. Driftsrekneskap

Driftsrekneskapen viser kommunens inntekter og utgifter.


På landsbasis fordeler driftsutgiftene seg på ulike tenesteområde, som vist i figuren under. Fordelinga er relativt stabil frå førre år, med eitt unntak. Den største endringa er at utgifter til helse og omsorg har auka frå 34 prosent tidlegare år til 39 prosent i 2023. Barnehage og grunnskoleopplæring utgjer til saman 30 prosent. Samla sett utgjer desse tenestene nær 70 prosent av kommunane sine driftsutgifter.



Figur 5 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i prosent av totale brutto driftsutgifter

Kommunane skal gi likeverdige tenester til sine innbyggjarar, sjølv om det er store forskjellar i kommunane sin økonomi. Figur 7 og tabell 3 viser inntekter, utgifter og gjeld per innbyggjar. Dei kommunane som har meir utgifter enn inntekter tærer på opparbeidd eigenkapital for å gå i balanse. Fleire kommunar har lite eller ikkje nokon midlar på disposisjonsfond.

Kommunens gjeld verkar direkte inn på kommunens økonomiske handleevne. Dei årlege avdraga og rentekostnadane er ei aukande driftsutgift for kommunane i vårt fylke. For gjeld, sjå kapittel 7.




Norges kommunar sine frie inntekter i 2023 er framstilt i figuren til venstre.

Dei største inntektskjelda er skatteinntekter og rammetilskot.

For meir om eigedomsskatt og om havbruksfondet, sjå kapittel 9 og 10.

Figur 6 - Fordeling av kommunane sine frie inntekter i 2023.

Kjelde: Kommuneproposisjonen 2025



Figur 7 - Differanse mellom driftsinntekter og -utgifter per innbyggjar i 2023

Tabellen er meint som ein illustrasjon på kommunen sin økonomiske situasjon.


Tabell 3 – Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbygger – 2023

Kommune	Brutto driftsutgifter totalt	Brutto driftsinntekter totalt	Netto lånegjeld
1505 Kristiansund	112 184	112 682	130 023
1506 Molde	115 511	115 743	146 596
1507 Ålesund	98 719	101 533	111 861
1511 Vanylven	127 046	123 771	89 788
1514 Sande	134 747	132 127	119 039
1515 Herøy	101 579	96 647	106 699
1516 Ulstein	108 136	109 726	158 300
1517 Hareid	124 427	117 461	167 149
1520 Ørsta	103 842	102 266	127 308
1525 Stranda	120 631	127 793	171 002
1528 Sykkylven	90 779	92 447	110 622
1531 Sula	97 700	97 193	115 678
1532 Giske	91 856	94 168	123 985
1535 Vestnes	126 025	126 885	95 375
1539 Rauma	114 097	116 016	127 222
1547 Aukra	164 038	197 656	162 947
1554 Averøy	110 135	108 488	115 254
1557 Gjemnes	117 408	126 835	79 395
1560 Tingvoll	134 198	126 567	104 594
1563 Sunndal	136 068	136 236	85 484
1566 Surnadal	132 671	132 712	113 320
1573 Smøla	172 981	168 744	141 875
1576 Aure	130 977	137 000	101 741
1577 Volda	117 065	122 300	166 226
1578 Fjord	164 284	166 480	156 829
1579 Hustadvika	112 676	111 677	116 159

Kjelde: SSB tabell 12137: Finansielle nøkkeltal i kroner per innbygger, kommunekonsern, etter region, statistikkvariabel, år og rekneskapsomgrep.

Dei mest sentrale indikatorane i kommuneøkonomien er netto driftsresultat, storleiken på disposisjonsfond og gjeldsgraden. Det er samanhengen mellom desse indikatorane som gir uttrykk for kommunens økonomiske tilstand. I dei neste tre kapitla vil gå meir inn på dei ulike indikatorane.

Figuren under illustrerer kommunen si økonomiske tilstand i ein trappefigur. Kommunar høgst i trappa har sunn økonomi og er merka grøne. Midt i trappa ligg kommunar som brukar av disposisjonsfondet sitt for å dekke opp meirforbruk i rekneskapen (merka gule). Desse kommunane må vurdere om dei vil måtte halde fram å bruke av disposisjonsfondet, og om storleiken på disposisjonsfondet vil tole fleire år med meirforbruk. Det er ofte på dette tidspunktet kommunen bør ta grep for å unngå økonomisk ubalanse. Lågast i trappa ligg dei kommunane som har økonomisk ubalanse og er meldt inn i ROBEK (merka raude).




Figur 8 - Tiltakstrappa - økonomisk balanse

5. Netto driftsresultat

Netto driftsresultat (NDR) er summen av alle inntekter minus alle utgifter. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren. Teknisk berekningsutval for (TBU) tilrår at netto driftsresultat bør utgjøre 1,75 prosent av brutto driftsinntekt over tid for kommunane, for at *formuesbevaringsprinsippet* skal bli teke i vare. Prinsippet inneber at ein kommune si samla formue, realkapital og finansielle fordringar, med frådrag av gjeld, ikkje skal verte redusert over tid.


Landet utanom Oslo har i gjennomsnitt eit netto driftsresultat (NDR) på 1 prosent, medan Møre og Romsdal har 0 prosent av brutto driftsinntekt (BDI) i 2023. Eit gjennomsnittleg netto driftsresultat på 1 prosent for landet (utan Oslo) er det lågaste som er registrert i KOSTRA, det vil seie 2015. Det er stor variasjon mellom kommunanes netto driftsresultat både internt i Møre og Romsdal og i landet totalt sett.



Figur 9 - Kart over kommunar som viser positivt og negativt netto driftsresultat, 2023

Kommunar farga raudt hadde negativt netto driftsresultat, medan kommunar med grøn farge hadde netto driftsresultat på over 1,75 prosent.

I 2022 var det fem kommunar som hadde negativt NDR. Tilsvarande for 2023 var fjorten kommunar med negativt netto driftsresultat. Ytterlegare seks kommunar hadde NDR mellom 0–1,75 prosent. På landsbasis hadde 45 prosent av kommunane negativt netto driftsresultat. 34 prosent av kommunane hadde NDR over 1,75 prosent.



Figur 10 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, kjeldetabell 12134

Kommunar som har hatt negativt NDR over fleire år, må arbeide for å få ein berekraftig økonomi på lang sikt. Ved inngangen til 2024 var to kommunar i ROBEK. Våren 2024 blei Stranda kommune skriven ut av ROBEK. Rauma kommune blei meldt ut forsommaren same år, samtidig som Hareid kommune vart meldt inn. Vi ser at fleire står i fare for å bli meldt inn i åra som kjem.

Det er difor viktig å gjere naudsynte politiske vedtak så tidleg som mogleg for å sikre ein sunn kommuneøkonomi. Meir informasjon om ROBEK finn du i kapittel 13.

Tabell 4 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Kommune	2020	2021	2022	2023
1505 Kristiansund	2,0	2,4	0,5	-0,4
1506 Molde	3,2	2,6	-0,4	-2,3
1507 Ålesund	-1,7	0,4	2,9	2,5
1511 Vanylven	-1,9	1,4	1,3	-3,1
1514 Sande	1,1	1,9	-2,0	-2,5
1515 Herøy	-0,1	0,0	-2,2	-6,7
1516 Ulstein	0,2	0,8	0,3	-1,7
1517 Hareid	-0,2	0,8	0,3	-10,3
1520 Ørsta	0,4	1,1	1,5	-3,6
1525 Stranda	-1,5	-0,1	2,3	4,4
1528 Sykkylven	-0,4	1,6	2,3	1,7
1531 Sula	-0,2	4,0	2,1	-1,4
1532 Giske	-0,5	4,5	4,1	0,3
1535 Vestnes	-1,4	-1,8	2,4	0,5
1539 Rauma	-5,7	0,0	4,2	2,1
1547 Aukra	22,9	12,4	14,2	26,9
1554 Averøy	6,0	-0,5	-1,0	-3,0
1557 Gjemnes	-2,3	-2,0	2,2	6,0
1560 Tingvoll	2,6	1,4	0,5	-8,0
1563 Sunndal	-0,2	4,0	4,2	0,9
1566 Surnadal	1,6	2,4	0,8	-0,7
1573 Smøla	8,7	2,8	5,6	-3,0
1576 Aure	4,8	2,8	4,8	0,1
1577 Volda	2,3	1,7	1,8	2,5
1578 Fjord	0,7	-1,8	-4,0	0,8
1579 Hustadvika	0,7	4,3	2,6	-2,3
Møre og Romsdal	1,0	1,8	1,9	0,3
Landet utan Oslo	2,5	4,2	2,6	1,0

Kjelde: SSB tabell 12134: Utvalde nøkkeltal for kommunerekneskap 2020 - 2023.

Om rekneskapen viser positivt netto driftsresultat, kan midlane nyttast i drifta, til investeringar eller settast av på fond til seinare bruk (avsetjingar). Dersom kommunen har eit negativt netto driftsresultat, må dette dekkast inn ved bruk av fondsmidlar og/eller stryke budsjetterte avsetjingar.


For å vurdere kommunens økonomiske handleevne, kan det vere nyttig å sjå på netto driftsresultat i samanheng med kommunens disposisjonsfond. Figurane under viser denne samanhengen i kommunesektoren frå 2005 til og med 2023. Her kjem det tydeleg fram at kommuneøkonomien på landsbasis er god. Siste år har både netto driftsresultat og disposisjonsfond falle, men i snitt ligg kommunane framleis på eit høgt nivå på landsbasis. Dei siste fem åra har NDR vore lågare enn landsgjennomsnittet for Møre og Romsdal. Det same gjeld disposisjonsfondet.

6. Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er «sparepengar» som kommunen kan bruke. Å ha «pengar på bok» kan avhjelpe kommunen om dei får utgifter dei ikkje har budsjettert for. Statsforvaltaren tilrår at disposisjonsfondet minst er på mellom 5 og 10 prosent av brutto driftsinntekt. Dette gir kommunen handlingsrom til å handtere svingingar i økonomien. Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsføremål og skal brukast om kommunerekneskapen viser meirforbruk.

I alt tolv kommunar har disposisjonsfond mindre enn fem prosent. Av desse tolv kommunane har berre to av dei NDR over tilrådd nivå. Seks av dei tolv kommunane har ein gjeldsgrad på over 100 prosent av brutto driftsinntekter. Av desse seks kommunane er berre ein meldt inn i ROBEK. Dei har likevel all grunn til å arbeide med å få økonomien inn i eit berekraftig spor.

Under er disposisjonsfond vist i diagramsform. ROBEK-kommunar kan ha positivt disposisjonsfond, då dei bundne fonda berre kan brukast på gitte vilkår.



Figur 11 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter i 2023


Tabell 5 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter 2020-2023

Kommune	2020	2021	2022	2023
1505 Kristiansund	2,9	5,4	6,9	5,8
1506 Molde	6,5	8,7	8,2	5,6
1507 Ålesund	0,9	0,3	2,0	1,8
1511 Vanylven	8,1	8,3	9,0	4,0
1514 Sande	0,1	1,8	0,2	0,1
1515 Herøy	6,8	6,6	4,7	0,0
1516 Ulstein	5,2	5,9	6,2	4,3
1517 Hareid	0,8	0,8	2,7	0,1
1520 Ørsta	8,8	9,5	10,4	6,6
1525 Stranda	8,9	7,4	10,0	13,9
1528 Sykkylven	3,1	3,7	5,8	6,7
1531 Sula	12,5	14,5	16,3	14,0
1532 Giske	0,0	0,5	4,6	5,8
1535 Vestnes	2,6	1,4	1,5	2,1
1539 Rauma	3,0	1,9	1,6	2,3
1547 Aukra	121,5	131,9	133,6	153,7
1554 Averøy	11,6	10,7	8,3	4,0
1557 Gjemnes	10,5	8,0	9,5	13,9
1560 Tingvoll	13,1	14,1	12,9	3,9
1563 Sunndal	17,2	20,6	22,5	22,3
1566 Surnadal	3,1	5,2	5,0	3,0
1573 Smøla	18,9	21,2	21,3	17,3
1576 Aure	14,5	14,4	17,5	15,3
1577 Volda	5,9	7,1	8,4	11,1
1578 Fjord	1,0	0,2	0,2	0,3
1579 Hustadvika	5,1	9,5	11,2	7,6
Møre og Romsdal	8,0	8,9	10,1	9,3
Landet utan Oslo	11,9	13,8	14,6	13,6

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter

7. Kommunane si gjeld

Kommunane si gjeld har auka gradvis dei siste åra. Det er viktig at kommunane har eit forsvarleg gjeldsnivå. KS anbefaler at gjeldsgraden over tid ikkje ligg over 75 prosent av brutto driftsinntekt. På landsbasis har lånegjelda gått frå 84,5 prosent i 2017 til 93 prosent i 2023. Også i Møre og Romsdal ser vi at gjeldsnivået har auka tilsvarende i perioden, men med ein liten reduksjon for siste år. For 2023 er talet 110,7 prosent. Trass i reduksjonen er det framleis eit svært høgt gjeldsnivå i Møre og Romsdal. Vår vurdering er at gjeldsgraden må ned. Det vert underbygd av auken i rentenivået. Vi tilrår at kommunane gjer ei totalvurdering av eigen økonomi når dei vedtek måltal for gjeldsgrad. Kommunane kan i tillegg sette mål om å auke eigenfinansieringa av investeringar ved å bruke av oppsparte fondsmidlar.



Figur 12 - Utvikling i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 2017–2023


Kommunestyret skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. I kommunelova står det at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga eller gjeldsforvaltninga. Kvar kommune må vurdere kva finansiell risiko kommunen kan tole. Dette vil vere avhengig av kommunens disposisjonsfond og netto driftsresultat.

Kommunane har ansvar for ei rekke tenester (generalistprinsippet) som krev omfattande investeringar. Utviklinga i lånegjelda er tett bunden til investeringsaktiviteten i kommunane. Kommunane kan ta opp lån til eigne investeringar, men ikkje til drift. Kommunane kan også finansiere investeringar med eigne midlar (disposisjonsfond). Kommunane vedtek finansielle måltal. Gjeldsgrad (netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt) og eigenfinansieringskrav kan vere finansielle måltal.

7.1 Netto lånegjeld

I Møre og Romsdal har 16 kommunar ein gjeldsgrad over 100 prosent av brutto driftsinntekt. Av desse har sju kommunar over 120 prosent. Statsforvaltaren har også tidlegare peika på at det høge gjeldsnivået gjer at driftsbudsjettet blir ytterlegare pressa med høgare rentenivå.

Langsiktig gjeld kjem fram av kommunens balanserekneskap. Det omfattar lån til investeringar, pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar. I netto lånegjeld er pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar tatt ut. Netto lånegjeld blir brukt som mål på kommunens gjeld knytt til tenesteytinga. I netto lånegjeld er lån til sjølvkosttenester tatt med, slik som vatn, avløp og renovasjon.



Figur 13 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Tabellen nedanfor viser korleis gjelda har utvikla seg per kommune samanlikna mot fylket sett under eitt og for landet utan Oslo dei fire siste åra. 19 kommunar i Møre og Romsdal har lågare gjeldsgrad i 2023 samanlikna med 2022.


Tabell 6 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, kjelde: SSB tabell 12143

Kommune	2020	2021	2022	2023
1505 Kristiansund	121,7	122,8	122,6	115,4
1506 Molde	136,1	136,2	135,3	126,7
1507 Ålesund	102,4	101,5	104,3	110,2
1511 Vanylven	68,4	66,5	68,8	72,5
1514 Sande	91,5	89,7	90,7	90,1
1515 Herøy	125,4	117,5	121,0	110,4
1516 Ulstein	187,8	184,2	161,3	144,3
1517 Hareid	130,1	147,0	140,6	142,3
1520 Ørsta	114,1	122,6	127,4	124,5
1525 Stranda	154,3	148,2	142,2	133,8
1528 Sykkylven	92,4	87,7	108,3	119,7
1531 Sula	112,4	115,1	123,8	119,0
1532 Giske	128,3	128,7	122,3	131,7
1535 Vestnes	88,9	87,5	81,2	75,2
1539 Rauma	105,2	109,8	115,4	109,7
1547 Aukra	69,5	89,2	85,5	82,4
1554 Averøy	94,1	103,5	109,5	106,2
1557 Gjemnes	86,9	81,9	73,2	62,6
1560 Tingvoll	93,4	100,2	89,0	82,6
1563 Sunndal	65,4	63,8	60,6	62,7
1566 Surnadal	71,5	91,7	86,4	85,4
1573 Smøla	91,4	108,4	86,9	84,1
1576 Aure	79,7	80,0	76,9	74,3
1577 Volda	133,5	131,8	136,0	135,9
1578 Fjord	108,3	107,0	100,3	94,2
1579 Hustadvika	95,2	97,6	102,6	104,0
Møre og Romsdal	110,8	112,2	112,4	110,7
Landet utan Oslo	95,1	93,0	92,9	93,0

7.2 Renteeksponert gjeld

Renteeksponert gjeld er den delen av kommunen si gjeld som blir direkte påverka av endringar i rentenivået. Renteeksponert gjeld er netto lånegjeld, utanom gjeld til vatn, avløp og renovasjon og utan gjeld knytt til rentekompensasjonsordningar.

Figur 14 viser korleis langsiktig gjeld er fordelt i kommunal sektor dei siste åra, der det grå feltet viser storleiken på renteeksponert gjeld.



Figur 14 – Kommunane si langsiktige gjeld og renteeksponering i 2005–2023 i prosent av driftsinntektene

Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2025.

I Møre og Romsdal var samla renteeksponert gjeld på 26,8 mrd. kroner i 2023. Med ein renteauke på eitt prosentpoeng vil dette auke lånekostnadane i driftsrekneskapen med 268 millionar kroner. Ein renteauke vil verke inn på renteinntektene også. Dette gir likevel ein indikasjon på kor sårbar kommunen vil vere for endringar i rentenivået. Styringsrenta er til samanlikning på 4,5 prosent, opp 0,75 prosent frå same tidspunkt i fjor. Dette har stor påverknad på kommunane med høg gjeldsgrad i sin økonomi.

Tabell 7 – Netto renteeksponert gjeld

Kommune	Folketal pr. 1.1.2023	Beløp i 1000 kr	Beløp per innbyggjar, kr
1505 Kristiansund	24 159	2 032 556	84 132
1506 Molde	32 446	3 863 157	119 064
1507 Ålesund	67 520	*	*
1511 Vanylven	3 013	213 937	71 005
1514 Sande	2 442	260 051	106 491
1515 Herøy	8 842	1 011 734	114 424
1516 Ulstein	8 797	1 157 458	131 574
1517 Hareid	5 159	765 804	148 440
1520 Ørsta	10 929	1 089 058	99 648
1525 Stranda	4 421	477 000	107 894
1528 Sykkylven	7 630	605 363	79 340
1531 Sula	9 636	812 644	84 334
1532 Giske	8 692	674 588	77 610
1535 Vestnes	7 051	631 067	89 500
1539 Rauma	7 046	740 931	105 156
1547 Aukra	3 654	- 598 831	- 163 884
1554 Averøy	5 872	570 275	97 118
1557 Gjemnes	2 669	148 481	55 632
1560 Tingvoll	3 031	264 256	87 184
1563 Sunndal	7 110	323 950	45 563
1566 Surnadal	5 912	538 762	91 130
1573 Smøla	2 158	163 252	75 650
1576 Aure	3 381	122 717	36 296
1577 Volda	10 960	1 366 460	124 677
1578 Fjord	2 494	310 356	124 441
1579 Hustadvika	13 341	1 082 806	81 164
Møre og Romsdal	268 365	23 770 417	88 575
Landet utan Oslo	5 488 984	290 638 715	52 949

*Ikkje innrapportert tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet.

Tabell 8 – Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Kommune	2020	2021	2022	2023
1505 Kristiansund	87,2	86,5	85,5	81,0
1506 Molde	111,3	111,2	112,0	105,6
1507 Ålesund	75,5	75,6	78,1	*
1511 Vanylven	49,1	47,8	51,3	56,6
1514 Sande	62,6	60,3	62,5	63,0
1515 Herøy	119,2	112,2	116,5	106,8
1516 Ulstein	157,1	154,2	134,9	120,2
1517 Hareid	102,3	118,3	*	117,0
1520 Ørsta	92,9	102,1	108,1	99,9
1525 Stranda	115,3	111,9	108,8	103,0
1528 Sykkylven	73,2	68,6	88,8	95,6
1531 Sula	74,2	80,7	90,7	87,2
1532 Giske	93,2	96,6	90,7	99,9
1535 Vestnes	83,9	83,5	78,0	72,6
1539 Rauma	85,4	90,4	97,3	93,7
1547 Aukra	49,7	67,8	64,0	59,7
1554 Averøy	72,1	83,0	91,6	90,3
1557 Gjemnes	72,1	68,6	62,0	53,3
1560 Tingvoll	83,7	80,1	71,7	66,9
1563 Sunndal	51,1	50,7	48,9	51,6
1566 Surnadal	59,3	79,5	73,3	73,1
1573 Smøla	67,5	85,9	68,5	68,1
1576 Aure	57,5	55,9	53,2	51,7
1577 Volda	109,7	109,4	115,0	111,6
1578 Fjord	88,3	87,1	82,1	77,8
1579 Hustadvika	66,7	72,3	*	81,0
Møre og Romsdal	86,1	88,0	90,0	88,1
Landet utan Oslo	69,0	67,9	67,9	68,0

* Ikkje innrapportert tal.


Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

7.3 Norges Bank - styringsrente

Styringsrenta til Norges Bank verkar inn på kva rentevilkår långjevar tilbyr kommunane.

I september 2019 sette Norges Bank renta opp til 1,5 prosent, som då var det høgste nivået dei føregåande fem åra. På det tidspunktet vurderte Norges Bank utsiktene og risikobildet slik at veksten i norsk økonomi og kapasitetsutnytting var noko over eit normalt nivå, som tilsa høgare rente. I mars 2020 stengte Norge ned på grunn av koronapandemien. Det førte til den kraftigaste nedgangen i norsk økonomi i nyare tid og Norges Bank sette renta til 0 prosent 6. mai 2020.

Norges Bank valde å halde styringsrenta på 0 prosent fram til september 2021, då den blei sett til 0,25 prosent. Sidan då har renta blitt sett opp ei rekke gonger, og ligg no på 4,5 prosent. Det er signalisert at renta sannsynlegvis vil vere på dette nivået ei tid, ref. Norges bank si prognose i [Pengepolitisk rapport 2/24](#).



Figur 15 - Utviklinga i styringsrenta 2008–2024 (Norges bank, etter rentemøte 21. juni 2024)

7.4 Avdrag

Lån skal nedbetalast årleg med minimum det kommunelova krev i avdrag. Tabell 9 viser kor stor prosent av brutto driftsinntekter som blir brukt til å betale avdrag kvart år. Også her blir driftsrekneskapen påverka av storleiken på gjelda. Sju kommunar brukar meir enn fem prosent av driftsinntektene til å betale avdrag. Rentekostnader kjem i tillegg.

Tabell 9 – Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter

Kommune	2020	2021	2022	2023
1505 Kristiansund	5,1	5,4	5,5	5,3
1506 Molde	5,2	5,4	5,3	5,2
1507 Ålesund	4,5	4,2	3,9	3,8
1511 Vanylven	3,5	3,5	3,4	2,8
1514 Sande	3,4	4,1	4,0	4,0
1515 Herøy	4,3	4,8	4,5	4,3
1516 Ulstein	6,5	6,7	6,1	5,8
1517 Hareid	3,6	4,0	3,8	4,4
1520 Ørsta	4,4	4,2	4,3	4,7
1525 Stranda	6,2	6,0	6,1	5,7
1528 Sykkylven	3,7	3,4	3,4	2,9
1531 Sula	5,2	5,2	5,0	5,1
1532 Giske	5,5	5,0	4,7	5,1
1535 Vestnes	3,8	3,5	3,5	3,2
1539 Rauma	4,2	3,7	3,6	4,5
1547 Aukra	5,7	6,8	8,1	4,5
1554 Averøy	3,9	4,1	4,5	4,4
1557 Gjemnes	3,5	4,4	4,7	4,2
1560 Tingvoll	4,9	5,1	5,1	4,5
1563 Sunndal	3,3	3,5	3,1	3,2
1566 Surnadal	3,0	3,3	4,4	3,4
1573 Smøla	4,7	4,8	4,6	4,5
1576 Aure	4,7	4,7	3,9	3,9
1577 Volda	4,5	4,7	5,0	5,1
1578 Fjord	5,2	4,8	4,4	4,4
1579 Hustadvika	3,6	4,1	3,9	4,0
Møre og Romsdal	4,6	4,6	4,6	4,4
Landet utan Oslo	4,0	4,0	4,1	4,0

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

8. Likvide midlar

Arbeidskapital utan premieavvik er eit utrykk for likviditet. Med likviditet meiner vi kommunens evne til å betale sine utgifter etter kvart som dei forfell. Arbeidskapital er omløpsmidlar trekt frå kortsiktig gjeld. Arbeidskapital utan premieavvik kan også brukast som eit av fleire finansielle måltal. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir (aksjar, sertifikat og liknande) og kortsiktige fordringar.

Tabell 10 – Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter 2020-2023

Kommune	2020	2021	2022	2023
1505 Kristiansund	4,1	11,3	9,2	2,8
1506 Molde	10,1	10,4	8,4	0,4
1507 Ålesund	21,1	18,6	18,2	8,5
1511 Vanylven	9,6	6,8	0,3	-2,2
1514 Sande	27,2	29,0	16,2	4,5
1515 Herøy	21,4	9,0	12,7	6,8
1516 Ulstein	13,4	9,8	8,1	4,3
1517 Hareid	4,7	8,1	7,0	-2,6
1520 Ørsta	14,2	7,9	8,4	9,4
1525 Stranda	14,4	20,4	15,5	15,3
1528 Sykkylven	2,3	9,8	2,2	0,3
1531 Sula	35,9	36,2	27,8	16,5
1532 Giske	22,7	27,9	24,7	41,0
1535 Vestnes	3,8	1,3	0,4	-7,3
1539 Rauma	5,8	0,1	7,7	0,9
1547 Aukra	125,9	135,3	139,2	159,3
1554 Averøy	19,4	9,7	15,5	1,1
1557 Gjemnes	22,8	30,1	22,6	18,7
1560 Tingvoll	15,9	15,9	11,8	2,8
1563 Sunndal	21,8	20,8	20,5	17,5
1566 Surnadal	10,3	6,8	11,6	6,9
1573 Smøla	27,1	24,0	28,9	21,1
1576 Aure	22,1	24,3	27,3	13,2
1577 Volda	18,6	23,1	24,2	18,0
1578 Fjord	17,3	11,7	12,2	7,0
1579 Hustadvika	25,1	21,4	20,8	9,8
Møre og Romsdal	18,8	18,3	17,5	11,2
Landet utan Oslo	22,4	23,0	21,8	16,3

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter

9. Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein frivillig kommunal skatt og det er kommunestyret som vedtek denne.

Eigedomsskattekontoret skriv ut skatten etter det årlege skattevedtaket i kommunen. På landsbasis har 323 av landets 357 kommunar eigedomsskatt og i Møre og Romsdal er det berre tre kommunar som ikkje har ein form for eigedomsskatt per 2023. Haram kommune har også eigedomsskatt.

Kommunestyret vedtek kor høg skattesatsen skal vere innanfor lovas rammer.

Maksimal skattesats	
Bustadar og fritidseigedomar	4 promille
Næringsverksemdar	7 promille

Kommunestyret avgjer kva eigedomar det skal skrive ut eigedomsskatt på. Det er lovleg å ha eigedomsskatt på verksemdar utan å skattelegge bustadar og fritidseigedomar. Kva eigedomar som kommunane i Møre og Romsdal har eigedomsskatt på kjem fram i tabell 10. Tabellen viser også når kommunen sist gjennomførte alminneleg taksering av eigedomane i kommunen.

Alminneleg taksering skal som hovudregel skje kvart tiande år. Samla inntekter frå eigedomsskatt i Møre og Romsdal var på 1,15 mrd. kroner i 2023. Dette viser at eigedomsskatt er ei viktig inntekt for kommunane som bidreg til å oppretthalde nivået på dei kommunale tenestene.

Tabell 11 - Oversikt over eideomsskatt i kommunane i 2023

Kommune	Eigedomsskatt i kommunen	Eigedomsskatt totalt (1000 kr)	Bustader og fritidseigedomar (1000 kr)	Eiendoms-skatt anna eigedom (1000 kr)	Skattesats for bustadar- og fritids-eigedomar	Siste alminnelege taksering i kraft? (år)
1505 Kristiansund	Ja	107 753	71 138	36 615	3,70	2019
1506 Molde	Ja	145 214	108 635	36 579	..	2020
1507 Ålesund	Ja	149 519	128 134	21 385	..	2015
1511 Vanylven	Nei	..	..	..	..	..
1514 Sande	Nei	..	..	..	..	..
1515 Herøy	Nei	..	..	..	..	..
1516 Ulstein	Ja	13 486	13 486	..	..	2018
1517 Hareid	Ja	10 350	10 350	..	..	2014
1520 Ørsta	Ja	20 834	16 837	3 997	..	2014
1525 Stranda	Ja	16 443	9 750	6 693	4,00	2013
1528 Sykkylven	Ja	16 733	16 733	..	..	2018
1531 Sula	Ja	10 745	9 762	983	..	2020
1532 Giske	Ja	22 428	21 006	1 422	..	2014
1535 Vestnes	Ja	25 666	19 199	6 467	4,00	2022
1539 Rauma	Ja	43 747	18 718	25 029	4,00	2022
1547 Aukra	Ja	250 498	..	250 498	..	2023
1554 Averøy	Ja	28 135	19 434	8 701	4,00	2020
1557 Gjemnes	Ja	10 295	7 177	3 118	4,00	2012
1560 Tingvoll	Ja	11 004	9 281	1 723	4,00	2016
1563 Sunndal	Ja	79 768	11 401	68 367	3,00	2011
1566 Surnadal	Ja	38 003	14 323	23 680	3,40	2020
1573 Smøla	Ja	12 305	..	12 305	..	2018
1576 Aure	Ja	20 247	3 633	16 614	1,00	2018
1577 Volda	Ja	35 303	25 978	9 325	..	2014
1578 Fjord	Ja	17 470	..	17 470	..	2019
1579 Hustadvika	Ja	64 175	34 298	29 877	4,00	2022
Møre og Romsdal	..	1 150 121	569 273	580 848	..	..

..=Talgrunnlag manglar

Kjelde: SSB-tabell 12843: Eigedomsskatt

10. Havbruksfondet

Havbruksfondet blei oppretta i 2016. Det fordeler inntektene frå vekst i oppdrettsnæringa og inntekter frå avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogeaure. Kommunal sektor fekk i 2023 om lag 1,2 mrd. kroner. Av dette gjekk rundt 129 millionar kroner til kommunane i Møre og Romsdal.

Tabell 12 – Utbetalningar frå Havbruksfondet


Kommune	2020	2021	2022	2023
1505 Kristiansund	10 218 952	3 258 015	13 293 103	4 975 095
1506 Molde	11 662 934	4 830 158	15 171 476	11 759 640
1507 Ålesund	8 841 615	3 385 502	17 858 995	11 817 045
1511 Vanylven	6 220 232	1 983 139	8 091 454	3 028 319
1514 Sande	1 212 945	386 712	4 245 346	6 588 869
1515 Herøy	2 341 473	746 510	3 045 854	1 139 946
1516 Ulstein	1 332 907	424 958	1 733 883	648 925
1520 Ørsta	6 835 419	2 179 274	8 891 708	3 327 823
1525 Stranda	5 775 929	7 124 792	6 935 532	2 595 702
1528 Sykkylven			2 311 844	5 865 234
1532 Giske	3 154 546	1 005 735	4 103 523	1 535 790
1535 Vestnes	6 220 232	1 983 139	10 403 298	3 893 553
1539 Rauma	3 554 418	2 386 647	2 889 805	6 514 159
1547 Aukra	9 558 195	7 603 403	13 456 118	7 870 493
1554 Averøy	7 960 415	2 913 793	10 143 957	9 661 725
1557 Gjemnes	3 998 720	1 274 875	5 201 649	1 946 776
1560 Tingvoll	4 665 174	1 487 355	6 068 591	2 271 239
1566 Surnadal	444 302	141 653	577 961	216 308
1573 Smøla	34 940 385	11 706 334	51 794 197	24 384 569
1576 Aure	10 663 254	8 413 366	16 182 908	6 056 638
1577 Volda	7 108 836	1 994 036	9 247 376	3 460 936
1578 Fjord	3 110 116	1 133 222	4 623 688	1 730 468
1579 Hustadvika	3 998 720	1 274 875	5 201 649	7 379 393
Sum	153 819 719	67 637 495	221 473 915	128 668 649

Kjelde: [Havbruksfondet \(fiskeridir.no\)](https://fiskeridir.no)

11. KOSTRA

Barnehagesektoren

Utgiftene til barnehagedrift utgjør 11 prosent av kommunane sitt budsjett på landsbasis. I oversikta under er alle utgifter som kommunen har til barnehagedrift totalt tatt med, med frådrag av alle inntektene. Tabellen viser netto driftsutgifter kommunen har til barnehagedrift er fordelt på innbyggjarar 1-5 år i kommunen.




Figur 16 - Netto driftsutgifter barn i barnehagar per innbygger 1-5 år i 2023

Netto driftsutgifter til barn i barnehage per innbygger 1-5 år varierer mykje mellom kommunane i fylket. Fjord kommune hadde i 2023 høgast utgifter med 220 690 kroner per barn. Kristiansund kommune brukte same år minst per barn. Her er netto driftsutgifter per innbygger til samanlikning 160 911 kroner. Skilnaden er dermed på nær 60 000 kroner per barn. Møre og Romsdal sett under eitt (182 589 kroner) ligg så vidt over landssnittet utan Oslo (179 281 kroner).

Grunnskolesektoren

19 prosent av kommunane sine utgifter går til grunnskolesektoren. Figuren under viser skilnaden mellom kommunane i fylket i utgifter til skoledrift per innbyggjar i alderen 6–15 år. Tabellen viser netto driftsutgifter kommunen har til grunnskolesektoren er fordelt på innbyggjarar mellom 6-15 år i kommunen.




Figur 17 - Netto driftsutgifter til grunnskolesektoren per innbyggjar 6-15 år i 2023

Netto driftsutgifter til grunnskolesektoren inneheld kostnader frå kommunane sin KOSTRA-rapportering på funksjonane 202 grunnskole, 215 skolefritidsordning, 222 skolelokale og 223 skoleskyss. Den kommunen som har høgast utgifter til grunnskolesektoren bruker 218 433 kroner per innbyggjar 6-15 år, medan den som har lågast bruker 129 238 kroner. Skilnaden mellom den kommunen som bruker mest og den som bruker minst er på 89 195 kroner per elev i grunnskolealder. Landsgjennomsnittet (utan Oslo) er til samanlikning på 147 764 kroner, medan Møre og Romsdal i snitt brukar 153 710 kroner. 18 av kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet (utan Oslo).

Helse- og omsorgstenester

Utgifter til helse- og omsorgstenester er aukande og er den største posten i kommunane sine utgifter. I 2023 utgjorde utgifter til helse- og omsorgstenester 39 prosent av kommunane sine utgifter. Oversikta under viser kommunen sine kostnader til helse- og omsorgstenester per innbyggjar.



Figur 18 - Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar i 2023

Dei aller fleste kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet (utan Oslo). Den kommunen som har høgast utgifter bruker 74 631 kroner per innbyggjar, medan den som har lågast kostnader brukar 32 764 kroner, noko som utgjer ein skilnad på 41 867 kroner.

Landsgjennomsnittet (utan Oslo) ligg på 37 829 kroner, medan det for Møre og Romsdal ligg på 43 409 kroner.

I perioden 2017-2023 har det vore ein langt større auke i kostnad knytt til heimebasert omsorg enn til institusjonsbasert omsorg i kommunane. Det har også blitt større spreining i kostnadsnivå mellom kommunane når det gjeld kostnad per innbyggjar i perioden.

Generelt er kommunane som ligg høgast i 2023 om ein ser heimebaserte tenester og helse- og omsorgstenester i institusjon samla også kommunane som har lågast aldersbereeve.

12. Skjønnstilskot

Kommunal- og distriktsdepartementet set kvart år av ein del av rammetilskotet til skjønnsstilskot til kommunane.

Føremålet med skjønnsstilskotet er å:

- fange opp forhold som ikkje blir godt nok tatt i vare i inntektssystemet og gjennom andre faste tilskotsordningar (ordinært skjønnsstilskot)
- bidra til fornying og utvikling av kommunane (prosjektskjønn/fylkesløft)

Skjønnsstilskot blir fordelt til:

- Ordinært skjønn
- Prosjektskjønn/fylkesløft
- Krieseskjønn

Statsforvaltaren fordeler fylkesrammene vidare til kommunane etter [retningslinjer](#) gitt av departementet.

Ordinært skjønn og krieseskjønn

Skjønnsporten i 2025 blir på 51,6 millionar kroner og er på same nivå som for 2024. Fordelinga til kommunane vil bli kjent ved framlegging av statsbudsjettet for 2025.

Skjønnsmidlane er ein del av rammetilskotet til kommunane og er kommunane sine egne pengar. Statsforvaltaren drøftar bruken av skjønnsmidlane med kommunedirektørutvalet før tildeling.

Vi ber kommunane om innspel på vesentlege utgifter som kommunen ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskot. Innspela blir vurdert opp mot til dømes inntektssystemet og andre tilskotsordningar, samt i høve til gjennomsnittlege utgifter knytt til innspelet for kommunane i fylket, i den grad det lar seg gjere.


Ordinære skjønnsmidlar går mellom anna til kommunar som har

- høgare utgifter enn fylkessnittet til ressurskrevjande tenestemottakarar under 67 år
- høge tal på barn under omsorg (i høve snittet for fylket)
- språkdeling
- legevaktsskyss
- helseplattforma
- andre spesielle saker

Søknadsfristen for ordinære skjønnsmidlar og prosjektskjønn/fylkesløft er 1. juni kvart år.

Statsforvaltaren skal halde att minst fem prosent av totalramma til ekstraordinære hendingar gjennom året, såkalla kriseskjønn. Søknadsfristen for kriseskjønn er 1. september kvart år. Om midlane ikkje blir nytta til ekstraordinære hendingar, kan dei brukast til andre føremål og tildelingar til kommunane ved årsslutt.

Av totalpotten på 51,6 mill. kroner for 2024, gjekk 42,5 mill. kroner til ordinært skjønn og prosjektskjønn/fylkesløft. Av dei 9,1 mill. kronene som ikkje er fordelt, er 2,1 mill. kroner sett av til Stranda kommune for utbetaling i november 2024.



Figur 19 - Fordeling av skjønnpotten 2024

Tabell 13 - Fordeling av ordinært skjønstilskot til kommunane i 2024

Kommune	Språk- deling	Oppretthalde drift av kommunalt rovviltutval	Skyss av helsepersonell	Barnevern	Generell vurdering	Spesielle saker	Ekstra høge utgifter til ressurs- krevjande teneste- mottakarar	Helse- plattforma	Fylkesløft 2024
Kristiansund				700 000	900 000	500 000			3 050 000
Molde		30 000	200 000	450 000	1 200 000	500 000			4 300 000
Ålesund	3 700 000				2 100 000	500 000			2 200 000
Vanylven				500 000	100 000				
Sande			450 000		100 000				
Herøy					400 000				1 200 000
Ulstein				900 000	300 000		1 400 000		
Hareid				500 000	200 000		400 000		
Ørsta					400 000	500 000			
Stranda					200 000*		2 100 000 *		
Sykkylven				100 000	300 000				
Sula				400 000	400 000		500 000		
Giske					400 000				
Vestnes				600 000	300 000		200 000		
Rauma		30 000			300 000				
Aukra									
Averøy					200 000			547 000	
Gjemnes				100 000	100 000		200 000	250 000	
Tingvoll				200 000	100 000			281 000	1 000 000
Sunndal		30 000			200 000			655 000	
Surnadal	450 000	30 000		100 000	200 000		200 000	553 000	
Smøla			300 000		100 000			201 000	
Aure			500 000		100 000			327 000	
Volda					400 000	500 000			1 000 000
Fjord		30 000			100 000		600 000		
Hustadvika				800 000	500 000				
Haram					400 000				
SUM	4 150 000	150 000	1 450 000	5 350 000	9 800 000	2 500 000	3 500 000	2 814 000	12 750 000

*Stranda kommune får utbetalt midlane i november 2024.

Prosjektskjønn/Fylkesløft

Ein del av skjønnsramma går til fornying og utvikling i kommunane gjennom prosjektskjønn/fylkesløft. Prosjektskjønnsmidlane vil dei næraste åra bli prioritert til tiltak som gir eit løft for alle kommunane i fylket gjennom «fylkesløft». Prosjekta bør involvere fleire kommunar, ha overføringsverdi til andre kommunar samt ha eit opplegg for erfaringsdeling.

Kommunane søker på prosjektskjønn/fylkesløft gjennom portalen [Prosjektskjønn](#). Søknadsfristen er 1. juni kvart år.

Tabell 14 – Tal på prosjekt 2020-2024

År	Tal på prosjekt	Beløp
2024	12	12 750 000
2023	16	10 774 860
2022	18	8 577 840
2021	13	11 450 000
2020	7	7 000 000

Tabell 15 – Tildeling prosjektskjønn 2024

Prosjektnamn	Prosjekteigar	Tildeling kroner
Helseplattformen i Sjustjerna 2024	Herøy kommune	1 200 000
Helseplattformen - Nordre Sunnmøre 2023	Ålesund kommune	1 200 000
Helseplattformen i ROR 2024	Molde kommune	1 600 000
Helsplattformen i Kristiansund og Nordmøre i 2024	Kristiansund kommune	1 200 000
Automatisering og robotisering for kommunene i ROR-IKT-samarbeidet	Molde kommune	900 000
Krisesenter og kulturskole sammen for barn og forelder i krise	Molde kommune	300 000
E-lås Møre og Romsdal	Kristiansund kommune	1 850 000
Kartlegging av interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal	Molde kommune	500 000
Berekraftkoordinator	Volda kommune	1 000 000
Berekraftkoordinator	Tingvoll kommune	1 000 000
Berekraftkoordinator	Molde kommune	1 000 000
Berekraftkoordinator	Ålesund kommune	1 000 000
Sum		12 750 000


13. ROBEK

ROBEK er forkortinga for «*Register om betinget godkjenning og kontroll*». Dette er eit register over kommunar og fylkeskommunar som er i økonomisk ubalanse og derfor har komme under statleg kontroll av økonomien.

Det er kommunestyrets vedtak av økonomiplan og årsbudsjett, samt vedtak av årsrekneskap, som er grunnlag for innmelding i ROBEEK (sjå 13.2). Vurderinga er objektiv og skal ikkje bygge på skjønn.


I 2021 hadde Møre og Romsdal tre kommunar på ROBEK. Kommunane Sande og Giske blei meldt ut av registeret i 2022 etter fleire år med økonomisk ubalanse. Rauma kommune blei meldt inn i 2021, Vestnes kommune blei meldt inn sommaren 2022. Våren 2023 blei Stranda kommune meldt inn. Vestnes kommune blei meldt ut i juni 2023, Stranda kommune i februar 2024 og Rauma i juni 2024.

Pr. 30. juni 2024 er det berre Hareid kommune som er innmeldt i ROBEK. Vi ser at fleire står i fare for å bli meldt inn i åra som kjem. Det er difor viktig å gjere naudsynpte politiske vedtak så tidleg som mogleg for å sikre ein sunn kommuneøkonomi.



Figur 20 - Kart over kommunar utmeldt og på ROBEK siste året per 30. juni 2024

Figuren under viser tal på kommunar innmeldt i ROBEK frå 2001 fram til i dag.



Figur 21 - Oppføring på ROBEK 2001–2024, i Møre og Romsdal og landet

*Per 30. juni for 2024

13.1 Innmelding i ROBEK

Ein kommune skal registrerast i ROBEK når eitt av alternativa i kommunelova § 28-1 første ledd ligg føre, jf. tabelloversikt på neste side.

Det er Statsforvaltaren som skal kontrollere om ein kommune skal registrerast i ROBEK. Vi sender registreringa til departementet som gjennomfører ho. Det same gjeld for utmelding frå registeret.

Om kommunen allereie er meldt inn på ROBEK etter eitt eller fleire av alternativa i § 28-1 første ledd, skal nye grunnlag registrerast om dei oppstår. Registeret skal innehalde alle grunnlag som kommunen er registrert for til ein kvar tid.

Kommunestyrets vedtak av økonomiplan og årsbudsjett, samt vedtak av årsrekneskap, er grunnlag for innmelding i ROBEK.

Departementet kan bestemme at ein kommune ikkje skal førast inn på ROBEK. Dette gjeld når det er klart at det ikkje er behov innmelding jf. kommunelova § 28-1 andre ledd. Dette er det berre departementet som kan vurdere.

13.2 Kriteria for registrering på ROBEK

Kommunar skal registrerast på ROBEK om eitt av følgande forhold ligg føre:

Innmelding i ROBEK	Utmelding av ROBEK
Driftsbudsjett er vedteke med meirforbruk - § 28-1 bokstav a	Driftsbudsjettet året etter er vedteke utan meirforbruk - § 28-5 første ledd
Driftsdelen av økonomiplanen er vedteke med meirforbruk - § 28-1 bokstav b	Året etter er vedteke driftsdel i økonomiplana utan meirforbruk - § 28-5 andre ledd
Inndekking av meirforbruk i driftsbudsjett, økonomiplan eller driftsrekneskap over fleire enn 2 år etter at det oppstod - § 28-1 bokstav c	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Samla meirforbruk i driftsrekneskapen på meir enn 3 prosent av driftsinntektene - § 28-1 bokstav d	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Økonomiplan eller årsbudsjett ikkje er vedteke innan fristen - § 28-1 bokstav e	Økonomiplan eller årsbudsjett året etter er vedteke innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Årsrekneskapen ikkje er vedteke innan fristen - § 28-1 bokstav f	Årsrekneskapen året etter er vedteke innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Vedtak etter inndelingslova § 16 a (gjeld for kommunar som slår seg saman) - § 28-1 bokstav g	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd

Tabell 16 - Kriteria for registrering på ROBEK

Vedtak med meirforbruk

Det går fram av kommunelova § 14-10 første og femte ledd at all bruk av midlar skal ha dekning i årsbudsjett og kvart år i økonomiplan. Blir det gjort vedtak om meirforbruk i driftsbudsjett/økonomiplan, skal kommunen meldast inn i ROBEK.

Kommunelova § 14-3 inneber at kommunestyret og fylkestinget, ved behandling av årsrekneskapen, må ta stilling til korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapen skal dekkast inn. Fristar for dette er sett i § 14-11. Dette inneber at kommunestyret må treffe vedtak som set i gang og gir rammer for kommunens arbeid med inndekking av meirforbruket, deriblant

at kommunestyret gir beløp og tidsplan for når meirforbruket skal dekkes inn. Det er ikkje stilt krav om at vedtaket skal angi tiltak for å dekke inn meirforbruket: dette tar kommunestyret stilling til i økonomiplanen og årsbudsjettet. Bestemminga må sjåast i samanheng med § 14-5 fjerde ledd.

Uspesifisert saldering i årsbudsjett

Dersom kommunen gjer vedtak om uspesifisert saldering i årsbudsjett eller økonomiplanen for å oppnå balanse, er ikkje det tilstrekkeleg for å unngå innmelding i ROBEK.

Innsparingar/utgiftsreduksjonar for å oppnå balanse i økonomiplan eller budsjett, må bli konkretisert og vedteke på dei einskilde tenesteområda.

Inndekking av meirforbruk

Vedtek kommunestyret at meirforbruk i årsrekneskapen skal dekkast inn over fleire enn to år, skal kommunen registrerast i ROBEK. Dette gjeld også om budsjett eller økonomiplan viser inndekking over meir enn to år.

Meirforbruk større enn tre prosent av driftsinntektene

Kommunen skal meldast inn i ROBEK når samla meirforbruk frå driftsrekneskapen er større enn tre prosent av driftsinntektene. Med driftsinntekter meinast *sum brutto driftsinntekter*, post 9 i økonomisk oversikt drift etter budsjett- og regnskapsforskriften §5-6.

Fristar ikkje overhalde

Økonomiplanen og årsbudsjett skal vedtakast før årskiftet jf. kommunelova § 14-3 første ledd. Det inneber at vedtak seinast kan fattast 31. desember.

Årsrekneskap og årsberetning skal vedtakast seinast seks månadar etter rekneskapsårets slutt jf. kommunelova § 14-3 andre ledd, altså seinast 30. juni.

Kommunar som ikkje gjer vedtak innan fristane blir meldt inn på ROBEK.

Utmelding av ROBEK

Kommunen blir meldt ut av ROBEK når alle kriteria for innmelding ikkje lenger er oppfylt. Dette følger av kommunelova § 28-5. Statsforvaltaren melder frå til departementet når kommunen skal meldast ut.

13.3 Tiltaksplan

Kommunestyret skal fastsette ein tiltaksplan som sikrar at økonomien kjem i balanse jf. kommunelova § 28-4 andre ledd. For kommunar som er meldt inn i ROBEK etter kommunelova § 28-1 bokstav a, b, e eller g, må tiltaksplanen vere vedtatt innan 30. juni. For innmelding etter § 28-1 bokstav c, d eller f er fristen 31. desember. Tiltaksplanen skal sendast til Statsforvaltaren til orientering. Denne må angi år for inndekking, vise kor mykje av meirforbruket som skal dekkast per år skal vere konkret på tiltaksnivå.

13.4 Kontroll med årsbudsjett og låneopptak

Statsforvaltaren skal kontrollere om årsbudsjettet er realistisk og i balanse, jf. Kommunelova § 14-4 første ledd, og elles at andre krav er oppfylt.

Kommunar på ROBEK må få godkjenning til å ta opp lån jf. kommunelova § 28-3. Statsforvaltaren gjer dette ved å godkjenne ei ramme for låneopptaket. Vi kan også sette krav til kva lånet skal nyttast til. Deltak ein ROBEK-kommune i interkommunale selskap, skal låneopptak i selskapet godkjennast.

Ein ROBEK-kommune kan ikkje inngå leigekontraktar om varige driftsmidlar utover dei fire neste budsjettåra. Slike leigeavtalar må godkjennast av Statsforvaltaren.

14. Nytt inntektssystem

Stortinget har vedteke nytt inntektssystem for kommunane, gjeldande frå 2025. Målet med inntektssystemet er å jamne ut økonomiske skilnader mellom kommunane, slik at alle kan tilby likeverdige tenester til innbygarane sine.

Inntektssystemet fordeler rammetilskotet og fordeler om skatteinntektene til kommunane. Rammetilskotet og skatteinntektene utgjer dei såkalla frie inntektene til kommunane.

Inntektssystemet består av fleire element, der dei viktigaste er:

- Utjamning av skatteinntekter (inntektsutjamning)
- Utjamning av ufrivillige variasjonar i utgiftsbehov (utgiftsutjamning)
- Ulike regionalpolitisk grunngjevne tilskot

Nedanfor går vi igjennom dei største endringane for kommunane.

Skatt og inntektsutjamning

Det er vedteke endringar i kommunane sitt skattegrunnlag. Skatt på utbytte blir teken ut av skattegrunnlaget. Bortfall av utbytteskatt får full verknad allereie frå 2025.

Det er lagt opp til å halvere kommunane sin del av formuesskatten frå og med 2026. Endring i samband med formuesskatten er planlagt innført over to år, slik at formuesskatten blir redusert med 1/4-del i 2025. Reduserte skatteinntekter som følge av bortfall av utbytteskatt og reduksjon i formuesskatt, blir erstatta av at kommunane får meir inntektsskatt. For kommunane samla skal dette ikkje gi netto endring i skatteinntektene, men for den einskilde kommune kan det få verknad på skatteinntektene.

Føremålet med å redusere formuesskatt og ta bort utbytteskatt for kommunane, og i staden auke inntektsskatten, er å bidra til meir stabile og jamnare fordelte skatteinntekter mellom kommunane.

Det blir ikkje gjort endringar i sjølv modellen for inntektsutjamninga. Men den symmetriske delen av inntektsutjamninga blir auka frå 60 prosent til 64 prosent. Tilleggskompensasjonen for

låg skattenivå (skatt under 90 prosent av landsgjennomsnittet) blir vidareført som no. Det er rekna at den kommunen i landet med det lågaste skattenivået vil bli løfta til 95 prosent av landsgjennomsnittet for skatt etter endringane i skattegrunnlag og kompensasjonsgrad for inntektsutjamninga. Dette blir difor eit minstenivå for kommunane med omsyn til skatt og inntektsutjamning.

Den symmetriske inntektsutjamninga i prosent (kompensasjon/trekk) blir auka over to år. Inntektsutjamninga for 2025 blir auka til 62 prosent og deretter til 64 prosent frå 2026. Endringane i skattegrunnlag og inntektsutjamning er ikkje omfatta av overgangsordninga INGAR, men endringa i inntektsutjamning og reduksjon i formueskatt blir som nemnt innført gradvis over to år.

Kommunane får behalde inntekter frå kraft og havbruk og desse inntektene er ikkje med i grunnlaget for inntektsutjamninga.

Utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga og kostnadsnøklane blir oppdaterte på grunnlag av faglege analysar og den faktiske utviklinga i kommunane sine utgifter.

Før 2017 var basistilskotet eit like stort tilskot til alle kommunar, uavhengig av kommunen sitt folketal og reiseavstand. Frå 2017 vart det, som ein av endringane i inntektssystemet, innført gradering av basistilskotet. Graderinga har samanheng med reiseavstand (halvdelen av basistilskotet vart gradert etter høvet mellom strukturverdi og grenseverdi).

Ordninga med gradering av basistilskotet blir teken bort frå 2025, slik at ein går tilbake til eit like stort basistilskot per kommune. Alle kommunar vil frå 2025 få fullt basistilskot. Dette er ei endring i kostnadsnøklane og blir omfatta av overgangsordninga INGAR. INGAR er ei forkorting for inntektsgarantiordninga. Føremålet er skjerme kommunane mot bråe reduksjonar i rammetilskotet slik gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg.

Andre endringar i kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga er mellom anna:

- Vekter på kriteria blir oppdatert på grunnlag av nye analysar
- Noverande alderskriterium 6-15 år blir delt i to
- PU-kriteriet får lågare vekt

- Kriteriet ikkje-gifte 67 år og over blir erstatta av kriteriet aleinebuande
- Sosiale tenester blir utvida og vil omfatte fleire tenester
- Generelt noko høgare vekt for alderskriteria innbyggjarar under 67 år
- Generelt noko lågare vekt for alderskriteria innbyggjarar over 67 år
- Levekårskriteria får auka vekt

Fordelingsverknader av desse endringane gir ulike resultat. Endringane innafor pleie og omsorg er dei viktigaste, og har størst verknader, for dei fleste kommunane.

Regionalpolitiske tilskot

Distriktstilskot

Den reviderte distriktsindeksen frå 2020 blir brukt som grunnlag for distriktstilskot med småkommunetillegg frå og med 2025. I denne samanheng blir det også endring i intervall for dei ulike satsane for distriktstilskot. Distriktsindeksen blir oppdatert årleg, for at distriktsutfordringane skal bli fortløpande fanga opp i distriktstilskota. Satsane og tilskot for den einskilde kommune kan difor endre seg frå år til år.

Inntektsgrensa for å få distriktstilskot har til no vore skattenivå på maksimalt 120 prosent av landsgjennomsnittet, som eit gjennomsnitt for dei siste tre åra.

Inntektsgrunnlaget blir utvida, som skal reknast med i høve til inntektsgrensa, for å kunne få distriktstilskot. Inntektene blir utvida frå personskatt og naturressursskatt til også å omfatte eigedomsskatt på kraft- og petroleumsanlegg, netto konsesjonskraftinntekter, havbruksinntekter og produksjonsavgift på vindkraft. Det blir brukt eit gjennomsnitt for inntektsnivået i dei siste fire åra.

På bakgrunn av at ein større del av kommunane sine inntekter skal reknast med i grunnlaget, blir den øvre inntektsgrensa for å kunne få distriktstilskot auka til 140 prosent av landsgjennomsnittet.

Nye satsar for distriktstilskot (kommunar med 3 200 innbyggjarar eller meir). Tilskot blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Det blir framleis slik at jo høgare distriktsindeksen er, jo lågare blir tilskotet:

Tabell 17 - Distriktstilskot

	Per kommune (i kr 1 000)	Per innbyggjar (i kroner)
Indeks 0-45	1 413	1 280
Indeks 46-48	1 133	1 024
Indeks 49-51	849	768
Indeks 52-54	564	512
Indeks 55-58	284	257
Indeks over 58	0	0

Berekningsgrunnlaget for å få småkommunetillegget er det same som for det ordinære distrikts-tilskotet, men omfattar kommunar med under 3200 innbyggjarar. Det blir framleis slik at med høgare distriktsindeks, blir det mindre tilskot. Kommunar med indeks i det lågaste intervallet for indeks får fullt tilskot. Kommunar med høgast indeks (dvs. over 58) får halvt tilskot:

Tabell 18 - Småkommunetillegget

	Tilskotssats per kommune (i kr 1 000)
Indeks 0-45	6 526
Indeks 46-48	5 876
Indeks 49-51	5 221
Indeks 52-54	4 569
Indeks 55-58	3 915
Indeks over 58	3 264

Regionsentertilskot

Regionsentertilskotet blir avvikla. Tilskotet er gitt til kommunar som etter samanslåing frå 2020 fekk meir enn om lag 8 000 innbyggjarar. Tilskotet er gitt med ein sats per innbyggjar og ein sats per samanslått kommune.

Veksttilskot

Tilskotssatsen per innbyggjar utover vekstgrensa i veksttilskotet blir redusert til 1/3 av noverande sats. Tilskotssats blir endra frå kr 67 331,- til kr 22 444,- per innbyggjar ut over vekstgrensa.

Vekstgrensa i 2024 er 1,4 prosent folketalsvekst i gjennomsnitt dei siste tre åra.

Ressurskrevjande tenester - toppfinansieringsordninga

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetalinga av tilskot til kommunane i 2024 er baserte på direkte løns-utgifter i 2023 til tenestene.

For 2024 er kompensasjonsgraden vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagspunktet. Innslagspunktet for å få kompensasjon i år er kr 1,608 mill. per tenestemottakar.

Berekningsgrunnlaget for kompensasjon i 2024 er netto utgifter i 2023. Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming 16 år og over (PU – kriteriet) i grunnlaget for rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget, slik at det ikkje blir gitt kompensasjon i to tilskotsordningar. Eventuelle andre øyremerka tilskot for tenestemottakarar blir også trekt frå i berekningsgrunnlaget.

I noverande tilskotsordning er kommunane sin eigendel 20 prosent av netto utgiftene over innslagspunktet per tenestemottakar. Ny modell vil i større grad kompensere kommunar som har høge utgifter til tenestene per innbyggjar. Denne modellen vil ha to eigendelar:

- Det blir først berekna ein eigendel over innslagspunktet som er lik per innbyggjar for alle kommunane i landet. Eigendel per innbyggjar blir multiplisert med innbyggartalet i kommunen for å finne summen for den første eigendelen i kommunen.
- Den andre eigendelen vil vere 10 prosent av netto utgiftene over innslagspunktet etter at den første eigendelen er trekt frå.

I denne modellen vil det difor vere to eigendelar som til saman blir eigendel over innslagspunktet. Eigendelane vil utgjere 20 prosent av utgiftene på landsbasis, men vil variere mellom kommunane.

Ny modell skal i større grad kompensere kommunar med høge utgifter per innbyggjar.

Det er lagt opp til å vidareføre eigen tilleggskompensasjon for kommunar med under 3200 innbyggjarar og med høge utgifter til ressurskrevjande tenester.

Ytterlegare detaljar om inntektssystemet finst i [kommuneproposisjonen 2025](#).

15. Klimabudsjett – klimarekneskap

Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har sett klimaspørsmål på dagsorden. I 2023 hadde om lag halvparten av kommunane klimabudsjett. Fleire planla å lage. Per juni 2024 er det 11 kommunar ikkje har klimabudsjett. Vi oppmodar alle til å planlegge for å ta inn klimabudsjett som del av budsjettarbeidet til hausten.

Tabell 19 – Oversikt over klimabudsjett

Kommune	2023	2024
Kristiansund	ja	ja
Molde	ja	ja
Ålesund	ja	ja
Vanylven	ja - oppstart	ja
Sande	nei – skal lage	nei
Herøy	ja - oppstart	ja
Ulstein	nei	ja
Hareid	nei	nei
Ørsta	nei – har hatt	ja
Stranda	nei - har hatt	nei
Sykkylven	nei – skal lage	nei
Sula	nei – skal lage	nei
Giske	nei	ja
Vestnes	ja - oppstart	ja
Rauma	ja	ja
Aukra	nei – skal lage	ja
Averøy	ja - oppstart	ja
Gjemnes	nei – skal lage	nei
Tingvoll	nei – skal lage	ja
Sunndal	ja	ja
Surnadal	ja	nei
Smøla	nei – skal lage	nei
Aure	nei – skal lage	nei
Volda	nei	ja
Fjord	ja	nei
Hustadvika	nei – skal lage	ja
Haram	-	nei

Aktuell statistikk og informasjon som kan vere nyttig i kommunens arbeid med klimarekneskap:

Fylkeskommunen har i samarbeid med statsforvaltaren fått laga ei [handbok](#) med [tilhøyrande mal](#) som kommunane kan bruke når dei skal lage klimabudsjett. Målet er at desse to skal forenkle arbeidet for kommunane.

KS har utvikla eit [styringsverktøy for klimabudsjett](#) for kommunar.

Miljødirektoratet har oversikt over utslepp av klimagassar på kommunenivå.

På SSB.no finn de [utvalde nøkkeltal for klima og energi](#)

16. Eigarstyring - eigarskapsmelding

Kommunar skal utarbeide eigarskapsmelding minst ein gong i kvar valperiode. Det er kommunestyret som skal vedta den jf. kommunelova § 26-1. Eigarstyring er ei sentral oppgåve for dei folkevalde og lova gir ikkje høve til å delegere dette ansvaret til andre. Kravet om eigarskapsmelding kom inn i kommunelova i 2018.

Krav til innhald i eigarskapsmeldinga


Lova stiller krav til innhald til eigarskapsmelding. Dette er minimumskrava:

- Prinsippet for eigarstyringa
- Oversikt over selskap, føretak og verksemder med kommunale eigarinteresser
- Målet med eigarinteressene

Det vil vere ein fordel om meldinga inneheld opplysningar om verksemda oppfyller hensikta etter føremålet med kommunens engasjement.

Kommunale eigarskap kan vere:

- Aksjeselskap (AS) - aksjeselskapslova
- Samvirkeføretak - samvirkelova
- Interkommunale selskap (IKS) - IKS-lova
- Kommunale føretak jf. kommunelova kapittel 9
- Kommunale samarbeid
 - Oppgåvefellesskap jf. kommunelova kapittel 19
 - Vertskommunesamarbeid jf. kommunelova kapittel 20



Figur 22 - Alternative organisasjonsmodellar av kommunale eigarskap

Kjelde: <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>

Eigarskapsmeldinga bør utarbeidast på ein slik måte at kommunestyret kan utøve sitt eigarskap på ein hensiktsmessig måte. Den kan seie noko om korleis eigarskapet skal følgjast opp i representantskap eller generalforsamling, eigarskapsmøter og informasjon/rapportering til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir ført kontroll med kommunens eigarinteresser (eigarskapskontroll) jf. kommunelova §§ 23-2 og 23-4. Revisjonen har også ei oppgåve i eigarskapskontrollen jf. kommunelova § 24-2.

KS Folkevalgtprogram har laga Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll, som kan vere nyttig for å tileigne seg meir kunnskap om kommunale eigarskap.

Kjelder

Regjeringa:

- Kommuneproposisjonen 2025 [Prop. 102 S \(2023–2024\) \(regjeringen\)](https://www.regjeringen.no/contentassets/01bad17d2fb64eefae58814b5684a19c/no/pdfs/prp202320240102000dddpdfs.pdf#page=85&zoom=100,77,181.no)
- Regjeringen.no: Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi: <https://www.regjeringen.no/contentassets/f6c799ac7c474e5b8f561d1e72d474da/t-1573n.pdf>
- Rapport frå *Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi*: <https://www.regjeringen.no/contentassets/6170efd66d954a03b4bf48b9f5ba8e13/2023-november-rapport-fra-tbu-jan-24.pdf>

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune:

- Handbok for klimabudsjett: [Klimabudsjettering steg for steg \(statsforvalteren.no\)](https://www.klimabudsjettering.no)
- Mal for klimabudsjett: [klimabudsjettmal-002.docx \(live.com\)](https://www.klimabudsjettmal-002.docx)

KS:

- Anbefalinger om eierskap. Selskapsledelse og kontroll: <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>
- Veileder for klimabudsjett som styringsverktøy: <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/veileder-for-klimabudsjett/>

SSB:

- Statistikkbanken: <https://www.ssb.no/statbank/>

Andre:

- Norges Bank, Pengepolitisk rapport 2/23 <https://www.norges-bank.no/aktuelt/nyheter-og-hendelser/Publikasjoner/Pengepolitisk-rapport-med-vurdering-av-finansiell-stabilitet/2024/ppr-22024/nettrapport-ppr-22024/>
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet – Busetjing 2024 - <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/bosettingstall/>
- Statsforvaltaren i Troms og Finnmark: <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-troms-og-finnmark/kommunal-styring/veiledningsnotat---bedre-kobling-mellom-samfunnsplan-og-okonomiplan2.pdf>
- Fiskeridirektoratet – Havbruksfondet: [20231129_Beregning utbetaling 2023.xlsx \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no/20231129_Beregning_utbetaling_2023.xlsx)
- Miljødirektoratet – Klimagassregnskap for kommunar: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/klimagasser-utslippstall-regnskap/klimagassregnskap-for-kommuner-og-fylker/>

DFØ:

- <https://anskaffelser.no/>
- <https://kriterieveviseren.difi.no/nb>

Innovative anskaffelser:

- <https://innovativeanskaffelser.no/>

Tabellar

Tabell 1 – Folketal per kommune i Møre og Romsdal.....	8
Tabell 2 – Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat.....	15
Tabell 3 – Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbygger – 2023.....	19
Tabell 4 – Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	23
Tabell 5 – Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter.....	26
Tabell 6 – Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, kjelde: SSB tabell 12143	29
Tabell 7 – Netto renteesponert gjeld	31
Tabell 8 – Renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	32
Tabell 9 – Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter	34
Tabell 10 – Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter 2020-2023	35
Tabell 11 – Oversikt over eigedomsskatt i kommunane i 2023.....	37
Tabell 12 – Utbetalningar frå Havbruksfondet.....	38
Tabell 13 – Fordeling av ordinært skjønstilskot til kommunane i 2024.....	45
Tabell 14 – Tal på prosjekt 2020-2024	46
Tabell 15 – Tildeling prosjektskjønn 2024.....	46
Tabell 16 – Kriteria for registrering på ROBEK.....	49
Tabell 17 – Distriktstilskot	55
Tabell 18 – Småkommunetillegget.....	55
Tabell 19 – Oversikt over klimabudsjett	57

Figurar

Figur 1 – Illustrasjon av FN's tre berekraftsdimensjonar og berekraftsmål	6
Figur 2 – Aldersbereeve per kommune i Møre og Romsdal ved inngangen til 2024 (kjeldetabell 07459)	9
Figur 3 – Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjul (Asplan Viak).....	12
Figur 4 – Kart over planstatus kommuneplanens samfunnsdel pr. juni 2024.....	13
Figur 5 – Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i prosent av totale brutto driftsutgifter	16
Figur 6 – Fordeling av kommunane sine frie inntekter i 2023.	17
Figur 7 – Differanse mellom driftsinntekter og -utgifter per innbygger i 2023	18
Figur 8 – Tiltakstrappa - økonomisk balanse	20
Figur 9 – Kart over kommunar som viser positivt og negativt netto driftsresultat, 2023.....	21
Figur 10 – Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, kjeldetabell 12134	22
Figur 11 – Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter i 2023.....	25
Figur 12 – Utvikling i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 2017–2023	27
Figur 13 – Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter.....	28
Figur 14 – Kommunane si langsiktige gjeld og renteesponering i 2005–2023 i prosent av driftsinntektene .	30
Figur 15 – Utviklinga i styringsrenta 2008–2024 (Norges bank, etter rentemøte 21. juni 2024)	33
Figur 16 – Netto driftsutgifter barn i barnehagar per innbygger 1-5 år i 2023.....	39
Figur 17 – Netto driftsutgifter til grunnskolesektoren per innbygger 6-15 år i 2023.....	40
Figur 18 – Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbygger i 2023	41
Figur 19 – Fordeling av skjønnpotten 2024	44
Figur 20 – Kart over kommunar utmeldt og på ROBEK siste året per 30. juni 2024	47
Figur 21 – Oppføring på ROBEK 2001–2024, i Møre og Romsdal og landet.....	48
Figur 22 – Alternative organisasjonsmodellar av kommunale eigarskap	59